

## Mælum (gnr. 165)

Namnet Medaleimr leier ein inn på tankar om den eldste busetting i Jørstadgrenda. Kristofer Fliflet kom til at mest truleg heitte opphavsgarden her Berg. På Bergs grunn kom så seinare dei to gardane Fogaberg og Faksaberg. Fogaberg har vi ennå minne om i bygdenamnet Fåberg, og gardnamnet Faksaberg har vi minne om i stadnamnet Fassberhaugen med gamle hustufter nedst på øvre Midtjørstad-jordet. At namnet før var knytt til ein gard, viser eit skjøte av 1745 om Midtjørstad ”med underliggende Faxberg”. Gamal gard, men yngre enn Fogaberg og Faksaberg er så Medaleimr, eit Berg mellom. Mangt talar for at denne skissa av den eldste busetting i grenda må vera rett.

At Mælum må ha vore ein sentral gard i grenda i tidleg mellomalder, går tydeleg fram av det opplysende diplom av 1320 som i utskrift lyder slik:

Erik Tops lensmann Erik Finsson gjer kunnig at han var ”a Joregstadhum a hæradzstempo” og tok der vikar Biørn j horn i umbod alle stokklendingane thera bua – i rudhemma norder i fra Joregstadhom och Gausteimi. Da - - bar Elliger Are og Thorsetin Are og vitna at far deira budde i Horn i 23 vintrar og da bygde baae brørne i Aralid og har budd der i 20 vintrar, og hadde førnevnte stokklendingar da frelst og utan påtale all hagan som ligg ovanføre Fogabergsrudhin alt frå utgardene sine och opunder Mædhaleims mark, baade hamn og hogst, alt til dess Biørn Basseson og Trond bror hans bygde der i rudhine. Jon i Joregstadhom vedgikk dette. Til Vitnesbyrd medforsegler Sira Thorleifuer a Fogaberghi, Ivar Gulli og Asle a Jostadhom. –

”Medhaleims mark” måtte altså etter det som her er skrivi vera både ein velkjend og sentral stad.

I 1577 var Mælum ein av dei frå 4 huders gardar i Fåberg og hadde før vore kyrkjegods under Hamarbispen, men var da krongods. I 1668 låg både Diserud og Bratland under Mælum, og den samla landskylda da var 2 huder 11 skinn 3 ½ bismarpund fisk. Det er opplyst at Mælum da hadde fiskerett i Bispeteinlaget.

Frå 1712 er eit forlik mellom Halvor (Pedersen) Mælum, Haagen Jørstad og Erland Øfstedal som viser at dei tri gardane brukte Båksetra isaman, og at Mælum dessutan hadde Skjelbreia seter, men når Halvor Mælum setra der skulle ”Haagen og Erland møge hans Lykke på Bagseteren og deres lykker vere om hinanden som før.” At Mælum framleis var ein storgard i 1720, viser eit skjøte som i utskrift lyder slik:

Gustum i Fåberg 10. septb. 1720.

Skjøte fra Peder Halvorsen, Rasmus Halvorsen, Tord Blegen på hans hustru Marit Halvorsdatters vegne og formynderen Lars Kitlien på Kiersten Halvorsdatters vegne til deres bror Ole Halvorsen på alt deres jordegods i Mellom som er dem arvelig tilfalden, og som sammen med hans egen arvelod med underliggende Diserud skylder i alt 4 huder 9 skind.

Av ei eldre kjelde frå 1665 går det elles fram at Hans Halvorsen på Mælum også var bondelensmann, og at Tråsetvollen av skyld 1 hud også låg til garden. Det var da 5 tenestkarar i alderen frå 18 til 24 år på Mælum. Ei eldre kjelde av interesse er og eit skjøte av 1713, der Halvor Pedersen Mælum let tinglyse at han hadde kjøpt ”sin påboende gaard Mellum av 4 huder 9 skind av jomfru Giertru Carine Reichwein.

Etter atter 10 år kom i 1723 det nye matrikkelframlegget med fleire opplysningar om gardane. Her er det om Mælum fortalt at garden ligg i sollia, og at jordarten er god, men at garden er noko tungbrukt. Det var skog på garden til gjerdefang og brenneved, det var ingen utslåttar, men seter med god hamn. Den årlege høyavlinga var kring 40 lass, og buskapen var i denne

tid 4 hestar, 27 naut, 18 sauer og 18 geiter, og den årlege utsæden var 10 tdr. bygg og 1 skjepp rug. Det er vidare opplyst at både Tråsetvollen og Diserud også da låg til garden, og at det dessutan var 2 husmenn som hadde brukande jord. Oppsittar på garden var da Ole Halvorsen, men han var sjølv ikkje eigar av meir enn 2 huder 5 skinn 3 ½ pdn. fisk i skyld. Tråsetvollen var enda krongods.

I 1731 gav Johan Jocim Lonicer skjøte til Tosten Olsen Hjelle (Rik-Hjellin) på ein del gardar og gods i Gudbrandsdalen, deriblant engelandet Tråsetvollen under garden Mælum i Fåberg. – Frå to år seinare er ein tinglyst bygselseddel frå justits- og kansileråd Peder Vogt til Rasmus Halvorsen på engelandet Bratland, som altså framleis låg til Christiania laugstol.

Den 20. mars 1749 hadde Ole Halvorsen og kona hans Anne Andersdtr. vorte samde om å skifte med borna sine medan dei båe var i live. Ved dette skiftet vart garden Mælum verdsett til 900 rd. og arvebuet utgjorde brutto 1141 rd. Arvingane ved skiftet var dei 10 borna i ekteskapet deres. Av desse var det 5 gutar og 5 jenter. Namna og alderen på gutane var: Halvor 23 år, Tore 19 år, Anders 13 år, Kristen 11 år og Peder 9 år. Av jentene var Sønnøv 31 år, Åsta 27 år, Marit 24 år, Kari 17 ½ år og Beret 16 år.

Marit var da trulova med Ole Bentsen Gustum, som 2 mnd. Seinare fekk skjøte på garden Mælum med Tråsetvollen, Baksetra og fiskevatn for samla skyld 5 huder 9 skinn for kjøpesum 905 rd. + føderåd til svigerforeldra Ole Halvorsen og hustru. To år seinare gav Ole Bentsen bygselseddel til svigerforeldra sine på ein av husmannsplassane under Mælum, søre Høysvea, mot årleg husleige 2 rd. Samtidig gav Ole Bentsen og bygselseddel til Peder Hanssen på husmannsplassen Nordre Høysvea for årleg husleige 3 rd.

Kring 1760 var det fleire dokument vedk. Mælum som vart tinglyst: I 1756 gav Halvor Olsen tilleggsskjøte til Ole Bentsen på odelsretten til Mælum for 142 rd. I 1760 gav Ole Wilhelmsen skjøta til Rasmus Bratland på sæterhus og arbeid på Rindåsen m.vd. for 20 rd. To år seinare fekk Halvor Rasmussen bygselseddel frå Conferenseråd Vogt på engelandet Bratland, som altså også låg til Christiania laugstol. I 1763 fekk og Ole Lien skjøte av Ole Bentsen på fiskevarpet Kråkøyra for sum 50 rd. Frå 1759 er elles ei sak som i utskrift er referert slik: ”Declarasjon og avbikt fra Ole Bentsen Mælum, Kristen Bentsen Lien, Amund Bentsen Lien, og Ole Gustum til provsten Stochflet på vegne av deres bror Thomas Bentsen som svak på sindets krefter, i anledning av hans opphevelser og beskyldninger mot Provsten ved siste vårting i Fåberg.” (Til dette er å legge til at dei karane det her gjeld, gjekk elles for å vera sers godt utrusta folk.)

Av ei kontrakt frå 1770 går det fram at Iver Olsen Vingnes og Ole Bentsen Mælum hadde vollar som låg inn til einannan. Brukarane vert da samde om å setta opp eit gjerde mellom Vingnesvollen og Tråsetvollen. Ei sak med bruk av prokurator er frå 1776: - Prok. Lars Weidemann hadde da som verge for Marit og Else Erichdøtre innstemna den tidlegare formyndaren deres Halvor Bratland om dei arvemidlane dei hadde fått ved skiftet på Bjørnerud 18. oktober 1774 og på Roverudstuen 13. januar 1775. Stadnamnet Bjørnerud som her er nemnt, er av særleg interesse da det må visstnok er blant dei bortkomne namn i seinare tid.

Ole Bentsen og kona hans Marit Olsdtr. hadde ikkje born, og dei vart i 1778 samde om å dele ut ei gave i kontante pengar til dei næraste slektningane sine. Denne saka vart tinglyst, og vi tek her med dette av utskrifta:

Melum den 12. febr. 1778. Ole Bentsen og Kone Marit Olsdtr. som ikke have Børn, ere med Konens 8 myndige Arvingar 4 af hvert Kjøn saaledes forenede, at disse mottage 1000 rd. hver Mandsperson 150 rd. og Kvinde 100 rd., og lit til Ophold hvert Aar 14de April til de Trængende af disse, som dog kommer til Fradrag. – derfor forenet med Konen om at betale hende aarlig Haandpenge 20 rd. saalenge hun vedbliver Gaardsbruget, og derefter have 500 rd. i Gaarden hvoraf hun kan indsætte deri mindst 300 rd. mod tilstrækkelig Føderåd saasom -

- - hun faar Contrakt om Føderåd, deles de 500 rd mellom hendes Arvingar, ellers falde de tilbage til Melum. Under skr.: Ole Bentsen Melum, Marit Olsdtr. m.p.p. og af Konenes Arvingar: Halvor Olsen Diserud, Thore Olsen ved Melum (for Sønnøv), Kristen Olsen ved Langset (for Beret), Peder Olsen ved Sør Haave (for Kari Olsdtr.), Johans Nilsen, Johans Olsen v. Lilleborge, Lars Thorsen Holme, Ole Kristens Langset, Til Vitterlighed, Peder Eriks. Øvre Jørstad, Haagen Kristofers Mitjørstad. Thingl. 12 Febr. 1778 paa Fliflet af Hagerup. Etter dette gav i 1781 Ole Bentsen skjøte til systerson sin Bent Olsen Gustum på grd. Mælum av skyld 4 huder ”med underliggende Tråsetvolden skyld 1 hud og engelandet Diserud av skyld 9 skind, alt beliggende i Fåberg Prestegjeld for sum 995 rd.”. Samtidig gav kjøparen føderådskontrakt til morbror sin Ole Mælum med hustru Marit Olsdtr.

Av andre tinglyste dokument går det ellers fram at det under Mælum også var ein plass med namnet Bratlandsbakken. At Bratland enda låg under Christiania Laugstol viser ei sak frå 1794. Da var det dragon Simen Olsen som fekk bygselseddel på bruket. Fire år seinare vart det i 1798 tinglege ei kontrakt mellom Bent Mælum og Ole Dal om aurefiskeriet i Hunderfossen, der altså båe desse gardane i den tid hadde fiskerett. Frå året etter, altså 1798, er ei kontrakt mellom Peder Halvorsen og Ole Arnesen Midtjørstad på den eine sida og naboane på Mælum, Øver Jørstad og Øfstedalen på den andre sida m bruken av ei sag i elva Kvernåa eller Hæltjinsåa. I denne tid døde ellers Bent Mælum etter å ha ordna det slik at kona hans Kirsti Andersdtr. til så lenge kunne få sitja i uskifta bu og bruke garden. Etter dette budde det under folketellinga i 1801 9 familiar på ellers ved Mælum: Det var:

1. familie: 1. Kirsti Andersdtr., husmor, ”Bonde Kone og Gaardbeoer”, 44 år, 2. Ole Bentsen, son hennar, 19 år, 3. Anders Bentsen, son, 13 år, 4. Kari Bentsdtr. 16 år, 5. Anders Eriksen, tenestkar, 18 år, 6. Ole Holmsen, tenestkar, 54 år, 7. Jens Erlandsen, tenestkar, 30 år, 8. Anne Andersdtr., tenestkvinne, 48 år, 9. Kari Olsdtr., tenestkvinne, 17 år, 10. Mari Olsdtr., tenestkvinne, 33 år, 11. Maria Jensdtr., tenestkvinne, 33 år, 12. Sedsill Engebretsdtr., ”Pleie Barn”, 13 år, 13. Erland Pedersen, ”Lægds Barn”, 14 år, 14. Marit Jensdtr., ”Indlægds Lem”, 69 år.
2. familie: 1. Gudmund Eliassen, innerst utan jord, skinnfellmakar, 67 år, 2. Anne Eriksdtr., kona hans, 68 år, 3. Ole Gunmundsen, son deres, soldat, skreddar, 24 år.
3. familie: 1. Lars Olesen, innerst utan jord, dagarbeidar, 30 år, 2. Ingebor Pedersdtr., kona hans, 30 år, 3. Mari Larsdtr., 3 år, 4. Martha Larsdtr., 1 år.
4. familie: 1. Ingebor Hångensdtr., enke, ”Bruger Huusvær”, 61 år, 2. Ole Thoresen, son hennar, skomakar, 26 år, 3. Kirsti Thorsdtr., ugift, 30 år.
5. familie: 1. Johannes Nilsen, husmann med jord, 77 år, 2. Sønnøv Olsdtr., kona hans, 84 år.
6. familie: 1. Jens Simensen, innerst utan jord, ”går i dagleie”, 31 år, 2. Gunnild Jonsdtr., kona hans, 34 år, 3. Asta Jensdtr., 1 år, 4. Eli Nilsdtr. enke, går i dagleige.
7. familie: 1. Halvor Olsen, husmann med jord, 41 år, 2. Sidsill Amundsdr., kona hans, 41 år, 3. Åmund Pedersen, son deres, 15 år, 4. Eli Pedersdtr., dotter deres, 11 år.
8. familie: 1. Halvor Olsen, innerst utan jord, bøkkar, 74 år, 2. Lisbeth Pedersen, kona hans, 66 år.
9. familie: Nils Syversen, husmann med jord, smed, 77 år, 2. Anne Dagsdtr., kona hans, 70 år, 3. Nils Engebretsen, dotterson, 6 år, 4. Marit, dotterdotter, 8 år.

Dessutan budde det da på Bratland 1 familie: 1. Simen Olsen, husbonden, dragon, 41 år, 2. Sidsill Arnesdtr., kona hans 44 år, 3. Ole Simensen, son deres, 13 år, 4. Ingebor Simensdtr., dotter deres, 15 år, 5. Amund Kristofersen, tenestkar, 78 år, 7. Kari Olsdtr., tenestkvinne, 58 år.

I mellomtida er det elles opplyst t Christen Tråseth hadde fått skjøte på grd. Mælum for kjøpesum 600 rd. Det galdt truleg ein handel med Tråsetvollen, som lenge hadde vore brukt under Mælum.

Enka på Mælum, Kirsti Andersdtr., gifta seg oppatt med Østen Kristensen Bleken og brukte garden saman med mannen sin til i 1809. Eit kommisjonsforlik frå 1805 gir fleire opplysningar om brukartilhøva på garden i denne tid. Forliket, som er datert 12. mars s.å. lyder i utskrift slik:

”Kommisjonsforlik mellem Østen Kristensen Mælum og Ole Bentsen Mælum med curator Peder Halvorsen Midtjørstad. De 1000 rd. som Ole Mælum, da enken Kirsti Andersdtr. inngikk i ekteskap med Østen Kristensen, skal bli stående i Mælum uoppsagt i 4 år fra 14. april 1805 til 14. april 1809, av disse 1000 rd. betaler Østen Kristensen Mælum som bruker av gården Mælum til hvert år 14. april renter med 40 rd. til Ole Bentsen Mælum.”

I 1809 fekk så Ole Bentsen Mælum skjøte på fedrenegarden Mælum. Samtidig gav han sjølv føderådskontrakt til svigerfaren Østen Kristensen og mor si Kirsti Andersdtr.

Ti år seinare kom i 1819 eit førebuande arbeid for ein ny matrikkel med fleire opplysningar om gardane. Om Mælum ved Diserud er det da fortalt at buskapan av store husdyr i den tid var 7 hestar og 36 naut, og at kornavlinga var kring 140 tdr. eller 7 foll av utsæden, noko som viser at Mælum også da var ein sers god korngard. Dessutan er det da fortald om Bratland at der var buskapan ½ hest og 4 naut og kornavlinga ca. 20 tdr.

Her på Bratland fekk i 1829 Ole Simensen kongeskjøte på garden, men selde alt året etter Bratland til Ole Svendsen. Ole Svendsen brukte så Bratland i 3 år, men gav så skjøte på garden til Iver Eriksen Jevne, som var svigeron til Ole Bentsen og i 1832 også fekk skjøte på Mælum. – I Iver E. Mælum si brukartid var det både i 1843 og i 1851 skifte og deling av sameigeskog mellom Mælum og Jørstadgardane.

I denne tid kom den nye justerte og omrekna matrikkel av 1838, og Mælum med Bratland, som før hadde hatt mtr.nr. 100, fekk da mtr.nr. 79 med ei samla matr-skyld på 24 skylddalar 2 ort og 9 skilling. Eigar og brukar av baa gardane var framleis Iver Eriksen.

Iver Eriksen Jevne, født 1807, var gift med Kristine Olsdtr. Mælum, f. 1816. Dei gifta seg i 1832 og fekk 7 born. Det var: 1. Ole f. 1833, s. Ingeborg f. 1835, gift 1863 med Ole Kristiansen Lundgaard, 3. Anne f. 1838, 4. Erik f. 1841, 5. Johannes f. 1846, 6. Bernt f. 1849, gift 1877 med Agnete Iversdtr. Prestrud, 7. Kristian f. 1852, gift 1880 med Helene Torgersdtr. Bleken, f. 1849.

Ole Iversen Mælum f. 1833, død 18787, gift med Thea Erlandsdtr. Glømmen f. 1835, hadde 6 born. Det var: a. Kristine, b. Iver Torvald, 1862, c. Ingeborg Signy f. 1865, d. Elise f. 1868, e. Magnhild f. 1872, f. Ole f. 1877.

I samband med jordbrukstellinga av 1865 kom det fleire og nyare opplysningar om gardane. Om Mælum m/Bratland er det da fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer var 269 mål, og av dette var 174 mål jord av 1. klasse. Dessutan var det på Diserud eit tilsvarande jordbruksareal på 101 mål, og av det ca. 34 mål jord av kl. 1. Dertil var det og på Mælumsvollen som vart rekna for seg, og i den tid brukt av O. Ronnerud, eit jordbruksareal på 42 mål med 11 mål jord av beste klasse. Samtidig er det vidare fortalt at buskapan på sjølve Mælum gard m/Bratland i den tid var 5 hestar, 28 storfe, 23 sauer og 17 geiter, men dertil var det på husmannsplassane til garden 11 storfe, 19 sauer og 14 geiter. Ført på same måten var utsæden av korn på sjølve garden 1 ½ td. rug, 8 tdr. bygg, 11 tdr. blandkorn og 1 ½ td. erter, og av settepoteter 20 tdr., men dertil var utsæden på husmannsplassane til saman 6 ½ td. bygg og blandkorn og 6 ½ td. settepoteter. I tillegg til dette kom så Diserud, som da vart brukt som sjølvstendig gardsbruk og der krøterhaldet var 2 hestar, 4 naut og 13 sauer, og utsæden av korn ca. 5 tdr.

I mellomtida hadde i 1862 Iver Eriksen Mælum gitt skjøte til son sin Ole Iversen på garden Mælum med Bratland og Vingnesvollen i Fåberg og Ulsrudsetra i Gausdal for kjøpesum 2650

spd. + føderåd m.m. kapitalisert til 850 spd. I samband med handelen lånte kjøparen Ole Iversen Mælum 2000 spd. av Nils Olsen Messelt i Storelvedalen. Vidare lånte han og til saman 1452 spd. av Erik, Ingeborg, Anne og Marte Mælum.

I 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk tildelt nye gardsnummer og bruksnummer og ny matrikkelskyld. Mælum m/Bratland fekk da gardsnr. 165 med ei samla matrikkelskyld på 25,36 mark, og eigar og brukar av garden var i 1886 framleis Ole Iversen Mælum. Ein merker seg elles at da var gardsnr. 157 Diserud av skyld 3,45 mark selt og fråskilt Mælum og overtatt av Kristian Mælum. Under Diserud var det dertil også eit bruksnr. 2 Diserud-Øen av skyld 0,97 mark som Flokeli Bruks Interessentskap åtte. Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da Ole Olsen Mælum som åtte og brukte garden, og Mælum var framleis eitt bruksnr. av skyld 25,36 mark. Av kommunale manntal frå den tida går det elles fram at mor til husbonden, Thea Erlandsdtr., født Glømme enda levde som føderådskone på Mælum.

Frå 1912 var fleire bruksnr. etter kvart unnaselt garden. Same året kjøpte såleis Mathias Kristensen gr.nr. 165, br.nr. 2 Bratlandshagen av skyld 0,08 mark. I 1915 kjøpte Sigmund Sollien, Torpa, gr.nr. 165, br.nr. 1 Mælum og br.nr. 3 og 4 Mælum skog. Same året kjøpte og Kristian L. Høgsveen br.nr. 5, Sveen, og Matias Bratlandshagen kjøpte br.nr. 6 av skyld 0,06 mark. I 1923 vart 12 parsellar skog, br.nr. 7-18, unnaselt, visstnok til skoglause bruk, og same året kjøpte og Martin Granset br.nr. 19 Høgsveen nedre, og Gustav Heggehagen kjøpte br.nr. 20 Høgsveen nordre. Seks år deretter kjøpte August Brateng br.nr. 21 Solbjør av skyld 0,25 mark. Etter dette var det ved jordbruksregistreringa i 1939 altså vorte 21 bruksnr. under gardsnr. 165 Mælum. Blant desse var det likevel berre 3 bruksnummer med eit jordbruksareal av åker, hage, eng og kulturbeite på meir enn 15 mål. Det var: Gr.nr. 165, br.nr. 1 Mælum med eit jordbruksareal på ca. 200 mål, br.nr. 19 Høgsveen nedre med eit jordbruksareal på ca. 25 mål og br.nr. 20 Høgsveen nordre med eit jordbruksareal på ca. 20 mål. Eigar og brukar av Høgsveen nordre var da Gustav Høgsveen og eigar og brukar av Høgsveen nedre var Martin Granset. På gr.nr. 165, br.nr. 1 Mælum var i 1939 Oscar Gørrisen eigar og Arne Gaalaas brukar av garden.,

I 1952 hadde G. Johs. Jahren kjøpt og budde på Mælum, men Arne Gaalaas var framleis brukar der.